



Arkivnr: 2016/34254-25

Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		05.09.2018
Fylkesutvalet		19.09.2018

Jondalstunnelen AS- Takstredusjon**Samandrag**

I samband med bompengeforma, vert dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt avvikla, og det vert innført ein rabatt på 20 pst. for køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vart tidlegare føreslått eit passeringstak på 25 passeringar i månaden.

Jondalstunnelen har hatt mykje høgare trafikkauken enn føresett, slik at selskapet har nedbetalt lån raskare enn føresett. Jondalstunnelen AS har i staden for passeringstak føreslått eit alternativ der bompengetaksten vert redusert og at innkrevjinga vart ståenda i nokre år utover det selskapet no styrar mot. Dette er vurdert som eit tiltak som vil ta omsyn til lokale trafikantar på en betre måte, enn å tilby passeringstak med de føreslegne takstane i tidlegare sendt sak. Ein vil likevel halde seg innanfor den vedtekne bompengeperioden i Stortingsproposisjonen for prosjektet, St.prp. nr. 72 (2007-2008).

Statens vegvesen har saman med bompengeselskapet rekna på nye, reduserte, takstar som vil gjere bomselskapet gjeldfritt i 2023. Dette er fire år kortare enn føresett då innkrevjinga var starta. Styret i bomselskapet vurderer at dette er den beste måten å redusere bompengekostnadane for lokale storbrukarar, og spesielt for det lokale næringslivet. For den framtidige Ullensvang kommune vil ein redusere eit stort hinder for den interne trafikken.

Kommunane har gjort vedtak i tråd med framlegget frå Jondalstunnelen AS.

Det er foreslått følgjande nye, reduserte takstar i tråd med nytt takst- og rabattsystem som vil gi innkrevjing av bompengar i Jondalstunnelen til 2023. Takstane er rekna ut med utgangspunkt i ei gjennomsnittleg inntekt per passering på kr 25: Takstgruppe 1: kr 32 Takstgruppe 2: kr 51

Økonomi: Takstomlegginga skjer innanfor bompengeperioden fastset av Stortinget, og vil difor ikkje påverke dei fylkeskommunale garantiane.

Klima: Takstomlegginga kan gje ei mindre auke i trafikken gjennom Jondalstunnelen.

Folkehelse: Ikkje relevant her.

Regional planstrategi: Ikkje relevant her.

Forslag til innstilling

Fylkestutvalet støttar framlegget om å redusere takstane i Jondalstunnelen basert på ein gjennomsnittleg inntekt på kr.25. Dei nye takstane er i tråd med nytt takst - og rabattsystem i bompengesektoren. Det vert 20 pst. rabatt for køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke. Takstgruppe 1: kr.32
Takstgruppe 2: kr.51.

Ingrid Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 31.07.2018

Bakgrunn

Stortinget har gjennom handsaminga av Prop. 1 S Tillegg nr. 2 (2015–2016) vedteke bompengereforma, som mellom anna inneber omlegging til nytt takst- og rabattsystem for bompengeinnkreving. Omlegginga inneber mellom anna fjerning av forskottsinnbetaling med tilhøyrande rabattar og overgang til 20% brikkerabatt for lette køyretøy. For prosjekt som er lagt fram før Stortinget etter 06.11.15, vert rabattane fastsette i samsvar med det nye systemet. For prosjekt som Stortinget har handsama før dette tidspunktet, krev omlegginga til det nye rabattsystemet lokalpolitisk tilslutnad.

Dagens situasjon

Jondalstunnelen har i dag ein takst på 100 kr. for takstgruppe 1 og 200 kr for takstgruppe 2, med moglegheit for inntil 50 % reduksjon ved førehandsbetaling.

Det har vore høg trafikkvekst på strekninga.

År	ÅDT	Pst vekst
2014	436	
2015	488	11,9 %
2016	541	10,9 %
2017	565	4,4 %

15. juni 2016 vart bompengar ved Folgefonna-tunnelen avvikla, og noko av auken kan skuldast dette.

Veksten ser ut til å fortsette ut i 2018. Det er særleg trafikken om sommaren som har hatt ein høg auke.

Innkrevjing til delfinansiering av fv. 107 Jondalstunnelen vart sett i drift ved opninga av tunnelen 7. september 2012. Trafikken gjennom tunnelen har vore høgare enn føresett i finansieringsplanen presentert i St.prp. nr. 72 (2007-2008) Om utbygging og finansiering av fylkesveg 107 Jondalstunnelen i Hordaland. Gjennomsnittleg inntekt pr passering har vore noko lågare enn dette, men trafikkauken har vore såpass mykje høgare enn føresett, slik at selskapet har nedbetalt lån raskare enn føresett. Med dagens takstnivå og trafikkgrunnlag kan selskapet innfri sine forpliktingar i løpet av 2020.

Hordaland fylkeskommune selte sine aksjar i Jondalstunnelen AS til Ferde AS gjennom vedtak i fylkesutvalet 30. mai 2018 (sak 161/2018). Kommunane har òg selte sine aksjar.

Politisk handsaming i kommunane av takst- og rabattsystem

Brev til kommunane om omlegging av takst- og rabattsystemet for Jondalstunnelen vart sendt ut frå Statens vegvesen 29.09.2017. På grunnlag av dette brevet vart det gjort følgjande vedtak i kommunane som vart medlem i Jondalstunnelen AS.

Odda kommune handsama saka 25.10.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. *Odda kommune stiller seg bak forslaget om å endre takstane i Jondalstunnelen i tråd med regjeringa sitt forslag om å innføre nytt takst - og rabattsystem slik det er uttrykt i Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015 2016) og sluttar seg til at ny takst - og rabattordning vert innført i Jondalstunnelen. 2.*
2. *Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt vert avvikla, og det vert innført ein rabatt på 20 pst. for køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje rabattar for køyretøy i takstgruppe 2.*
3. *Takstane vert (2017 - kroner): Kr 105 for takstgruppe 1 og Kr 164 for takstgrupp e 2. 4.*
4. *Odda kommune vil – av omsyn til uforholdsmessig stor belasting som fylgje av omlegging av betaligssystemet for dei passerer tunellen «dagleg» som arbeidspendling, barnehage, skule m.v. at det samstundes med omlegging av takst og rabattsystemet for Jondalstunellen vert innført eit betalingstak på 25 passeringar i månaden og / eller 250 passeringar i året for gruppe 1 slik at taket på bompengar ikkje overstig 26.250 (2017 kroner) i året for same køyretøy/brikke.*

Kvinnherad kommune handsama saka 30.11.2017 og gjorde følgjande vedtak: 1.

1. Kvinnherad kommune ber om at ny takst og rabattordning vert innført i Jondalstunnelen. Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt blir avvikla. 2.
2. Det vert innført ein rabatt på 20 prosent for køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det blir ikkje rabatt for køyretøy i takstgruppe 2. 3.
3. Takstane vert sett til (2017 kroner): 105 kr for takstgruppe 1 og 164 kr for takstgruppe 2. 4.
4. Dagens ordning utan passeringstak vert vidareført.

Jondal kommune handsama saka 13.12.2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. Jondal kommune sluttar seg til at takst - og rabattsystemet i Jondalstunnelen vert endra i tråd med regjeringa sitt framlegg slik det er skildra i Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015 - 2016). 2.
2. Avtalene ein har i dag for å oppnå lokal rabatt vert avvikla. 3.
3. Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje rabattar for køyretøy i takstgruppe 2. 4.
4. Takstane vert sett til (2017 - kroner): Kr 105 for takstgruppe 1 Kr 164 for takstgruppe 2 5.
5. Den statlege ordninga med tilskot for å redusera bompengesatsar med 10% innan rabattsystemet for riksvegprosjekt må utvidast til også å gjelda fylkesvegprosjekt.

Kvam kommune har meldt til Statens vegvesen at kommunen ikkje handsamar saka.

Ny handsaming i kommunane av alternativ med lågare takster

Bompengeselskapet ønskja etter den lokalpolitiske behandlinga å gje kommunane eit alternativ der bompentaksten vert redusert og innkrevjinga vart ståenda i nokre år utover det selskapet no styrar mot. Dette er vurdert som eit tiltak som vil ta omsyn til lokale trafikantar på en betre måte, enn å tilby passeringstak med dei føreslegne takstane i tidlegare sendt sak. Ein vil likevel halde seg innanfor den vedtekne bompengeperioden i Stortingsproposisjonen for prosjektet, St.prp. nr. 72 (2007-2008).

Statens vegvesen har saman med bompengeselskapet rekna på nye, reduserte, takstar som vil gjere bomselskapet gjeldfritt i 2023. Dette er fire år kortare enn føresett då innkrevjinga var starta. Styret i bomselskapet vurderer at dette er den beste måten å redusere bompengekostnadane for lokale storbrukarar, og spesielt for det lokale næringslivet. For den framtidige Ullensvang kommune vil ein redusere eit stort hinder for den interne trafikken.

Det er foreslått følgjande nye, reduserte takstar i tråd med nytt takst- og rabattsystem som vil gi innkrevjing av bompengar i Jondalstunnelen til 2023. Takstane er rekna ut med utgangspunkt i ei gjennomsnittleg inntekt per passering på kr 25: Takstgruppe 1: kr 32 Takstgruppe 2: kr 51

Når nasjonale retningslinjer opnar for det, vert det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy skal betale inntil halvparten av taksten for konvensjonelle køyretøy i Jondalstunnelen.

Søknaden om redusert bompengeavgift i Jondalstunnelen vart sendt til ny handsaming i kommunane Jondal, Kvam, Kvinnherad og Odda.

Jondal kommune handsama saka i møte 02.05.2018 og gjorde følgjande vedtak:

«Jondal kommune stiller seg bak forslaget til Jondalstunnelen AS om å redusere takstane i Jondalstunnelen basert på ein gjennomsnittleg inntekt på kr 25 pr passering. Dei nye taksta ne er i tråd med nytt takst - og rabattsystem i bompengesektoren. Det vert 20 pst. rabatt for køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke. Takstgruppe 1: kr 32 Takstgruppe 2: kr 51»

Kvinnherad kommune handsama saka i møte 24.05.2018 og gjorde følgjande vedtak:

«Kvinnherad kommune stiller seg bak forslaget til Jondalstunnelen AS om å redusere takstane i Jondalstunnelen basert på ein gjennomsnittleg inntekt på kr.25. Dei nye takstane er i tråd med nytt takst - og rabattsystem i bompengesektoren. Det vert 20 pst. rabatt for køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke. Takstgruppe 1: kr.32 Takstgruppe 2: kr.51»

Kvam herad handsama saka i møte 12.06.2018, og gjorde følgjande vedtak:

«Kvam herad stiller seg bak forslaget til Jondalstunnelen AS om å redusere takstane i Jondalstunnelen basert på ein gjennomsnittleg inntekt på kr 25. Dei nye takstane er i tråd med nytt takst - og rabattsystem i bompengesektoren. Det vert 20 pst. rabatt for køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke. Takstgruppe 1: kr 32 Takstgruppe 2: kr 51 »

Odda kommune hadde saka oppe som meldingssak i kommunestyremøtet 07.05.2018. Det vart ikkje fremma merknader til saka.

Vidare prosess

Om søknaden frå bomselskapet Jondalstunnelen AS får lokalpolitisk tilslutning, vert saka sendt Statens vegvesen, Vegdirektoratet, som vil gjere nytt takstvedtak for Jondalstunnelen.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Den føreslattre takstredusjonen vil skje godt innanfor den perioden som Stortinget har vedteke, slik at den ikkje vil påverke fylkeskommunen sitt garantiansvar. Det er og lokalpolitisk semje om ein slik løysing. Fylkesrådmannen rår difor fylkesutvalet til å støtte reduksjonen av takstane til kr 32 for takstgruppe 1 og kr 51 for takstgruppe 2.